

Skulerute for grunnskulen i Vindafjord 2026/27

2026		Elevdagar
August	Skulestart for elevane torsdag 20.08	8
September	Elevfri måndag 21.09 (Kurs-planleggingsdag)	21
Oktober	Hautferie 05. - 09.10 (veke 41)	17
November	Elevfri fredag 13. (Kurs-planleggingsdag)	20
Desember	Siste skuledag før juleferie tysdag 22.12	16

Elevdagar haust 82

2027		
Januar	Oppstart etter juleferie måndag 04.01 Elevfri måndag 18.01 (Kurs-planleggingsdag)	19
Februar	Vinterferie 15. – 19.02 (veke 7)	15
Mars	Påskeferie 22.03-29.03	17
April	Elevfri fredag 30.04	21
Mai	Elevfri: torsdag 06.05 (Kr.himmelfart), Fredag 07.05. Måndag 17.05 (gr.lovsdag/ 2.pinsedag)	18
Juni	Siste skuledag før ferie: torsdag 24.06	18

Elevdagar vår 108

Kvar skule disponerer tre planleggingsdagar i tillegg.

Sum dagar 190

For informasjon om SFO tilbod, sjå heimesida: www.vindafjord.kommune.no

Forskrift om permisjon frå grunnopplæringa Vindafjord kommune

Fastsett av Vindafjord kommunestyre 18. juni 2024, sak 038/24, med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2.

§ 1 Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om reglar for permisjon frå grunnopplæringa. Elevane har, etter opplæringslova § 2-2 plikt til å møte på skulen dei fastsette skuledagane. Forskrifta gjeld for alle elevar ved alle grunnskular i Vindafjord kommune.

§ 2 Vilkår for permisjon

Elevar kan kun få permisjon dersom opplæringa samla sett er forsvarleg. Kvar enkelt søknad vert handsama individuelt. Rektor/einingsleiar ved skulen vurderer om ein elev får innvilga permisjon. Døme på kva kriterier skulen vurderer etter:

- Eleven si læring
- Skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida
- Eleven sitt tidlegare fråvær

Det vert ikkje gitt permisjon i periodar med førebuing eller gjennomføring av:

- Nasjonale kartleggingsprøvar 1.-3. trinn
- Nasjonale prøvar 5., 8. og 9. trinn
- Tentamen og eksamen på ungdomstrinnet

§ 3 Øvre grense for permisjon

I grunnskulen i Vindafjord skal det ikkje innvilgast permisjon i meir enn 10 skuledagar per skuleår. Rektor ved skulen kan innvilga permisjon i inntil 10 samanhengande dagar. Ved meir enn 10 dagar samanhengande fri må elevane skrivast ut av skulen.

§ 4 Søknad om permisjon

Søknadar som gjeld permisjon for inntil 2 dagar vert handsama av kontaktlærar. Søknadar som omfattar meir enn to dagar, vert handsama av rektor/einingsleiar.

Ein skriftleg søknad må koma skulen i hende i god tid (minst 14 dagar) før fråvær.

For å få permisjon etter opplæringslova § 2-2, må det leggjast til grunn ein søknad som er godt grunngjeven.

§ 5 Iverksetjing og opphøyr

Forskrifta trer i kraft 1. august 2024

Les meir på heimesida til Vindafjord kommune her:

<https://www.vindafjord.kommune.no/barn-og-skule/grunnskule/soka-fri-og-permisjon/>